

KYRKJEBLAD

FOR LEVELD, TORPO OG ÅL SOKN

Meir himmel på jorda



Mari Agnete Haugen demonstrer spinning med handtein.

Nr. 3 - 2025 Årgang 66

ANDAKT 2 • HELS PÅ VÅR NYE SOKNEPREST 3 • NY KYRKJEVERJE 4 • TRUSOPPLÆRING 5
AKTIVITETAR 6 • VI GÅR I KYRKJA 7 • OLSOKFEIRING 8

ÅL KYRKJEKONTOR

Opningstid kontor

tysdag-fredag 08.30-14.00.
Tlf: 907 13 766
post.aal@kyrkja.no
www.aal.kyrkja.no

Kyrkjevevje

Kristoffer Krohn Sævre
Ks259@kyrkja.no tlf 48441575

Prost

Camilla Osnes (permisjon)
co689@kyrkja.no 977 15 677
Setteprost Kristoffer Lønning
Tørressen kt846@kirken.no

Vikarprest

Sigmund B. Kruse
sigmund@krusegutt.no 901 28 393

Sekretærer

Elin Etterlid Tveito
et429@kyrkja.no 478 84 770

Guro Stave

gs595@kyrkja.no 908 58 066

Kyrkjetenar

Håkon Tveito
ht337@kyrkja.no 995 74 033

Tom Vidar Myrestølen
tvmyres@hotmail.com 906 66 497

Morten Storhaug

mortenstorhaug@gmail.com
976 36 904

Organist/musikar

Vemund Olav Aukrust
va358@kyrkja.no 907 05 181

Ingunn Stræte

is879@kyrkja.no 997 21 108

Håkon Tveito

ht337@kyrkja.no 995 74 033

Diakon

Målfrid Bergaplass
vikar Formiddagstreff

Kyrkjelydspedagog

Gina Ingeborg Hagen
gh665@kyrkja.no 918 51 507

Reinhaldar

Kamila Socha
kamilkaa79@gmail.com 405 73 131

Soknerådsleiar

Frøydis Stoveland Dekko
froydisstoveland.dekko@bufetat.no
992 87 892

Fellesrådsleiar

Anne Kjersti Frøyen
akfroyen@gmail.com 901 33 806

Kyrkjebladet for Leveld, Torpo og Ål sokn

Redaksjonen:
Elin Etterlid Tveito
Inger Elise Kaslegard
Kristoffer Krohn Sævre

Produksjon: Grafisk avd. Hallingdølen
Trykk: Trykk Service AS

■ Andakt

Å gjere ei ny byrjing

VIKARPREST

Sigmund
Bernhard Kruse



AV OG TIL FÅR vi gjere ei ny byrjing.

Kanskje opplever vi det som om vi rota det til i livet vårt, både for oss sjølve og andre. Vi gjer dessverre av og til skjebnesvangre val som fører oss på gale vegar. Difor har dei fleste av oss mange erfaringar av at ting har gått i stykker. Nokre av oss veit kva det vil seie å kjenna seg knust – «Allting kan gå i tusen bitar» ... Kvar kan vi få nye krefter frå då? Kven kan bera oss vidare over dei mørke djupna? Og kven kan reisa oss eit HÅP over horisontane? Skapa ein HIMMEL over dei knuste liva våre? Kven kan føya mosaikkens spreidde bitar saman til eit bilete med meining?

EG TRUR IKKJE

på dei store orda lenger, eg trur heller ikkje på den glorifiserande framstillinga av verkelegheita i sosiale medium. Glansbileta er gått i stykker. Overskriftene lurer oss mange gonger. Det er nok lettvintheit og likegyldigheit rundt oss til alle døgnets timar. Det er nok kjappheit og overflatiskheit frå alle hald.

MIDT I ALT DETTE

– trur eg – heller på barnet sitt blikk. Augo som ser dei knuste bitane sin vonde verkelegheit – men som ikkje blir verande der. Som ikkje slepper leiken – og ikkje tapar trua – men søker mot andre horison- tar med urørt dyrkingsjord.

«Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer

slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Les også Jeremia 18, 1-10 – kanskje vil du oppdaga at det er nettopp deg Gud vil gje ein ny byrjing...

Livet ditt kan bli nytt – når du oppdagar at Guds nåde er plassert inn i vår tilvere som gåve og ikkje prestasjon. Ho gjeld deg, og alle menneske.

Kanskje særskilt skimtar vi Guds nåde klårast ved dei vegstykkene i livet då vi kjempar med dei svære spørsmåla: er det nokon veg vidare?

MANGE VIL kjenne att smerta – kanskje resignasjonen og protesten i Olav H.

Hauges dikt: «Borni leikar» Borni leikar med krusbrot. Brot av ei skål dei fann, gled dei meir enn den heile glede sin eigarmann. Ein bete med blåe rosor, eit lite krystall-blankt skard vert i deira augo til noko meir enn dei var. På brot av mitt knuste liv fann eg ei line mjuk. Men kva pottetakaren meinte, det finn eg aldri ut.»

«No ser vi i ein spegel, i ei gåte, men då skal vi sjå andlet til andlet. No skjønar eg stykkevis, men då skal eg kjenna alt fullt ut, liksom eg fullt ut er kjend av Gud».

Kan det stå slik til slutt?

Eller rettere: kan vi leva slik – vidare?

Med livet fullt av «krusbrot»?

Med «mjuke linjer» her og der, men utan samanheng iblant?

Utan fullend bilete av pottetakaren sin signatur ...

JEG HOLDER DITT HODE

Jeg holder ditt hode i mine hender, som du holder mitt hjerte i din ømhet slik allting holder og blir holdt av noe annet enn seg selv Slik havet løfter en sten til sine strender, slik treet holder høstens modne frukter, slik kloden løftes gjennom kloders rom Slik holdes vi begge av noe og løftes dit gåte holder gåte i sin hånd.

Stein Mehren

Marianne

6. oktober får me ny sokneprest til Ål.

Marianne Bergsjø
Gammelsæter flytter
frå Bergen til preste-
boligen på Ål.

Korleis likar du å presentere deg sjølv?

Eg er vaksen opp på ein gard i Aurskog Høland kommune, ein liten time aust for Oslo. Den fyrste studietida var i Bergen, og utanom nokre år som kateket i Oslo, har eg budd og arbeida i Øygarden (utanfor Bergen) og dei seinaste åra i Bergen. Eg har tre vaksne born; ei dotter som tar fatt på masterstudie i Bergen og to gutar som arbeider i Oslo. Før eg vart prest, litt uti livet, arbeidde eg som kateket i kyrkja.

Kvifor søkte du på jobb i Ål – og kva ser du fram til her?

Det er fleire grunnar, men det passa godt i livet mitt no. Ikkje minst blir det fint å jobbe i eit passe stort bygdemiljø i ein god stab – og også bu midt mellom aust og vest og langs Bergensbanen! Eg ynskjer til dømes å kunne besøke mine gamle foreldre litt enklare. Sjølsag gler eg meg òg til å bli kjent med folk på Ål, folkemusikken og kulturen på Ål!

Kva slags prest får me når Marianne er på plass?

Som person er eg glad i folk, og kan nok omtalast som ein «folkekyrkjeprest». Eg tenkjer det er viktig at folk erfarer kyrkja som inkluderande og til stades i deira liv. Eg er oppteken av å skapa dialog og fellesskap mellom folk i ulike aldrar og livssituasjonar, både i og utanfor kyrkja. Så må det seiast at eg trivs særst godt i å samarbeide med stab og frivillige om ulike gudstenester og ser fram til å vere leiarskapet i kyrkjelyden og difor er med å peikar retning, sett mot i folk og bidreg til ei felles «vi» i kyrkja.

Kva liker du å gjere når du ikkje er på jobb?

Eg likar å bruke tid på fjellturar og andre turar, eg elsker å gå på ski og syng for tida i kor. Men eg trivst òg godt med å samle vener og lage mat eller kose meg heime med ei bok!



Kva ynskjer du å tilføre kyrkja som vår nye sokneprest?

Eg vonar at eg kan tilføre ei kjensle og erfaring av at Gud famnar oss alle, uansett korleis livet fer med oss. Eg vil så gjerne at både born, unge og vaksne skal kjenne at kyrkja er «litt si» fordi Gud er til stades der vi er. I tillegg vil eg gjerne vere ein medvandrar og ein som har tid til å samtale og møte den einskilte. Til slutt tenkjer eg at soknepresten er med i leiarskapet i kyrkjelyden og difor er med å peikar retning, sett mot i folk og bidreg til ei felles «vi» i kyrkja.

Har du eit bibelvers som er viktig for deg?

Ja, eg har mange..., men forteljinga om Kvinnas ved brønnen i Johannesevangeliet kapittel 4 vert eg aldri ferdig med. Samtalen om den forteljinga kan vi gjerne fortsette på Ål etter 6. oktober!

Me ynskjer Marianne hjarteleg velkomen til kyrkjelyden og kyrkjekontoret i Ål!

Kristoffer Krohn Sævre

Innsetjingsgudsteneste:

19. oktober kl. 11 vert det innsetjingsgudsteneste i Ål kyrkje. Set av datoen!

Tilbake til noko nytt

Den nye kyrkjeverja Kristoffer Krohn Sævre (44) kjenner kyrkja i Ål godt. Men gravplassforvaltning er eit nytt felt for han.

Kvifor valde du å flytte tilbake til Ål?

– Eg er glad i Ål og eg er glad i kyrkja. Då eg vart oppmuntra til å søkje på stillinga så kjende eg at det trigga meg, sjølv om me fyrst måtte ha eit familieråd. Ål kjennes framleis som heimbygda mi, men det er nytt for jentene våre som har hatt mykje av oppveksten utanlands. Eg kunne ikkje starte i 2024 grunna min førre jobb, men då Anne Gerd sa seg villig til å vere vikar så la det seg til rette. Eg er særskilt takknemleg for den jobben ho har gjort siste året.

Og kven er desse jentene du nemner?

– Margunn er kona mi, ho har fått jobb på Nedre-Ål skule. Me har tre døtrer som skal begynne i 9., 7. og 4. klasse. Dei er alle fødd i Nairobi og har med seg ein erfaring som eg trur kan bli til signing for både dei og omgivnadene. Men dei er sjølvsgt spente på ny kvar dag i ei bygd dei tidlegare berre har besøkt. Vårt bønneemne er at dei skal trivast og få seg gode vener.

Kan du fortelje litt om bakgrunnen din?

– I ungdommen brukte eg mykje tid i Synzygus. Eg frakta trommesettet mange gonger fram og attende mellom Evjens og kyrkja, og er takknemleg for den rause måten me vart møtt. Eg



hugsar då gamleprost Einarsen synest det vart litt vel høgt volum ved eit høve, men han formulerte seg med eit glimt i auget: «I dag trur eg dei hørde dykk heilt opp i himmelen!» Sivilttenesta hadde eg også her, som ungdomsarbeidar i ATA-prosjektet. Sidan har eg studert noko journalistikk, tverrkulturell kommunikasjon, personalleiing og swahili. Frå 2010 til no har me budd 11 år i Kenya og Tanzania som utsendingar for Norsk Luthersk Misjonssamband. Sju av dei åra var eg Stedlig representant i Nairobi og leiar for arbeidet i heile regionen. Ei utruleg spennande stilling som har lært meg mykje.

Du har sikkert nokre artige historier frå kvardagen i Afrika?

– Me har nokre historier om alt ifrå flaggermus til løver og hyenar, men dei får eg spare til kaffepraten. Kvardagen vår innebar skule og jobb og mykje reising. I jobben var eg stadig på møter i fire ulike land, og eg tok med familien på ganske mykje. Eg har brukt mange timar i fly og i bil og på motorsykel, og eg har blitt ganske god på å snakke meg ut av situasjonar med korrupte trafikkpoliti.

Kva ynskjer du å få til som kyrkjeverje?

– For meg handlar kyrkja om å fylgje Jesus. Me er kalla til å elske Gud og til å elske vår neste – i ord og i gjerning. Kyrkja får lov til å tene bygda vår i nokre av livets viktigaste høver og overgangar. Eg vil vere med og bygge kyrkjelyd, og eg skal legge til rette for alle dei gode aktivitetane som blir gjort av både tilsette og frivillige. Eg trivs med leiing og administrasjon, og sjølv om gravplassforvaltning er nytt for meg så har eg eit godt team på kontoret som utfyller alt eg manglar.

Denne hausten ser eg fram til å få på plass ny sokneprest og ny diakon, slik at me kan byggje eit godt og stabilt team i åra som kjem.

Vi ynskjer Kristoffer hjarteleg velkomen som kyrkjeverje og håper at han og heile familien etter kvart kan få kjenne at Ål verkeleg "er heime". Samtidig vil vi takke Anne Gerd for det solide arbeidet ho har utført som vikar medan vi venta på Kristoffer.

Inger Elise Kaslegard

Varmeanleggsarbeid i Ål kyrkje

Varmeanlegget i Ål kyrkje har gjort nytta sidan 1958, men syng no på siste verset. Kommunen har innvilga ei ekstraløyving for å få på plass nytt varmeanlegg i løpet av hausten slik at me unngår ei kald kyrkje komande vinter. Det er me takknemlege for! I september og oktober vil det bli noko boring og gravearbeid rundt kyrkjestugu og kyrkja for å lage energibrønnar og varmepumpe, samt bytte ut radiatoranleg-

get langs benkeradene. Arbeidet vil ikkje hindre normal drift, og kyrkjas aktivitetar vil fortsette slik som før. Me må likevel rekne med noko lyd og graving frå anleggsarbeidet og ber om forståing for det. Arbeidet er berekna å vere fullført innan november.

Kristoffer Krohn Sævre,
kyrkjeverje

Sol og glade barn på BUK

Fredag 20.juni var det klart for BUK-dag for 1.-4-lassingar. Kyrkja fekk eit godt samarbeid med Ål bygdamuseum, så det meste av dagen brukte me der oppe. Om lag 40 barn var med.

På museumet fekk dei vere med på fem ulike aktivitetar. Museumspedagog Ragnhild Kolsrud held hus i gamle Tingstugu denne dagen, og fortalte og viste fram spesielle gjenstandar frå samlinga til museumet. I Settingardsstugu var stadsansvarleg Mari Agnete Haugen sjef. Ho lærte barna å karde og spinne. Dei brukte ikkje rokk, men handtein til å spinne. Det såg veldig artig ut, og mange barn fekk til veldig fin tråd på kort tid!

Oppe i nærleiken av husmannsplassen var det ein stasjon der dei lærte om spikking. Her var det ekstra god bemanning med Tom Vidar Myrestølen, Ingrid Hajem og Birgitte Lindhjem. Det vart brukt forbausande få plaster, og mange fekk spikka seg ein flott «hagegjom». Utanfor Bakkestugu hadde Signe Seterdal region. Her fekk barna prøve seg på nokre teatersport-øvingar og litt leikar. I Leksvoltunet hadde Anne Gerd Jorde rigga 30-talsleiken, som gjorde at barna fekk både sprunge litt og testa quiz-kunnskapane samtidig.

Barna var delt inn i grupper når det var aktivitetar, og stødige vaksne og ungdommar fylgde gruppene: Hanne Thorset, Hilde Mari Kolbjørnsgard, Per Egil Kolsrud, Frida Runningshaugen



Wikstrand og Håkon Tveito. Om lag klokka 14 var me ferdige med aktivitetane på museumet, og gjekk ned til kyrkja. Her møtte Elin E. Tveito oss med nydeleg gode lappar med syltetøy og saft til. Det var populært! Heilt til slutt vart det ei lita samling inne i kyrkja med sokneprest Geir Wiknes, kyrkjelydspedagog Gina Ingeborg Hagen og organist Håkon Tveito før me ynskte kvarandre god sumar og alle barn vart henta. Barna var veldig tillitsfulle, lydhøre og greie. Så flotte ungar

me har i Ål kommune! Tusen takk til tilsette ved museumet for god kunnskap, stor velvilje og godt samarbeid! Tusen takk til tilsette i kyrkja som sporty trødde til med andre arbeidsoppgåver enn dei har til vanleg! Tusen takk til dykk frivillige som ga av tida dykkar til barna og kyrkja! Utan dykk blir det lite me kan få til. Hjarteleg takk!

**Kanskje du vil vera med å hjelpe til på BUK eit anna år?
Gje oss beskjed!**

“Himmel over jord” av Guri Ekse

Mange har kanskje høyrte Guri lese frå eigne dikt? No kjem dikta i bokform. Boka blir gjeve ut på Lyrikkforlaget i løpet av hausten. I presentasjonen av boka, står det: «Tankar og kjensler knytte til opplevingar i naturen og relasjonar med andre menneske, har fått form som korte dikt. Nokre har sitt utspring i bibelske forteljingar og refleksjo-

nar rundt kristen tru. Etter mange oppmodingar gjennom åra, kjem dei no i bokform». Uttale frå Hallgrim Berg: «Glitrande språk og gripande dikt – med lindrande kraft i menneskesinnet» Kjøp gjerne boka direkte frå Guri. Ein liten del av kjøpesummen vil da gå til Kyrkja sitt misjonsprosjekt.

Inger Elise Kaslegard



Kantoriøving

Ål kantori øver i Kyrkjestugu kl. 18–20 annankvar onsdag, og ynskjer nye songrøyster i alle aldrar varmt velkomne! Fylgjande tentative plan legg opp til korøving i partalsveker, deltaking på folkemusikk gudstenester og eit par konsertar, eventuelt ekstrøvingar fram mot visse opptredenar.

17. september kl. 18–20:
Korøvingssopptart i kyrkjestugu.

24. september kl. 9:
Folkemusikk gudsteneste i samband med seminaret «Kved opp: om folkemusikk i kyrkja».

24. september kl. 11:
Hemmeleg oppdrag leia av Marit Sehl.

1. oktober kl. 18–20: Korøving.

15. oktober kl. 18–20: Korøving.

26. oktober (nøyaktig tidspunkt kjem): Deltaking på konsert med The Nordic Organduo (JeeYoung Park og Abram Bezuijen) i Ål kyrkje.

29. oktober kl. 18–20: Korøving.

2. november:
Allehelgens gudsteneste med folkemusikkliturgi i Torpo kyrkje kl. 11 og Ål kyrkje kl. 17, truleg med trioen Maskros.

12. november kl. 18–20: Korøving.

26. november kl. 18–20: Korøving.

10. desember kl. 18–20: Korøving.

21. desember kl. 18:
Syng jula inn i Ål kyrkje.

25. desember kl. 12:
Folkemusikk gudsteneste fyrste juledag i Ål kyrkje.

Beste helsing Vemund

Konfirmasjon 2026

Alle kan bli konfirmant i kyrkja! Velkommen uansett om du trur, ikkje trur eller er litt usikker. Det einaste kravet er at du er døypt innan konfirmasjonsdagen. Om du ikkje er døypt frå før, er ikkje det noko problem. Mange blir døypt i løpet av tida som konfirmant. Kyrkja er eit mangfaldig fellesskap, og vi ynskjer at alle skal få ei god konfirmasjonstid. Om det er behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt!

Alle i 2011-årgangen som er døypte fekk i juli ei brosjyre med litt informasjon i postkassa si. Denne finn de og på heimesida til kyrkja, der ein også kan melde seg på.

Me startar med eit møte for føresette 8. september klokka 18 i Ål kyrkje, og fyrste samling for konfirmantane blir 10. september klokka 14.50 til 16.30 i kyrkjestugu og Ål kyrkje. Her møter de kyrkjelydspedagog og prost. Deretter blir det presentasjonsgudstenester med prest Sigmund Bernard Kruse i september. I starten av oktober går den nye soknepresten, Marianne Bergsjø Gammelsæter, inn i konfirmantarbeidet. Frist for påmelding er 1. september 2025!

Velkomen som konfirmant i Leveld, Torpo og Ål!

Ål barnegospel

Ål barnegospel byrjar øvingane att torsdag 11. september. Det blir øving frå 17.15–17.45 på torsdagar. Øvingane er i Ål kyrkje og blir leia av Karoline Tveito. Organist Vemund O. Aukrust spelar til. Koret er for barn frå 4 år og oppover. Barna lærer songar, det er også litt leik – og mykje moro!

Me tek sikte på å opptre på gudstenesta i Ål kyrkje 19. oktober. Me har også lurt på om me skal gå Luciatog 13. desember, og vere med på å synge jula inn i Ål kyrkje 21. desember.

Barnet kan prøve seg eit par gonger før han/ho bestemmer seg om han/ho

vil vere med. Det vil bli ein liten medlemskontingent (100 kr per år).

Dersom minst 5 barn melder seg inn vil dette generere nokre tusen i støtte til barnekoret. Meir informasjon om dette vil bli lagt ut på www.aal.kyrkja.no og på facebook-gruppa «Barnegospel i Ål kyrkje».

Me håper at barna som begynte i fjor vil fortsette, og at det er nye barn som vil vere med. Me har plass til fleire barn i koret! Kanskje barnet/barnebarnet/oldebarnet ditt skulle prøve?

Varmt velkomen!

Babysong i Kyrkjestugu på Ål

Annakvar måndag mellom 11.00 og 13.00. Dørene opnar seinast 10.45, så kom gjerne før. Me syng saman fyrst, deretter er det tid for lunsj, leik og prat. Lunsj kostar 40 kroner, og kan gjerne betalast med vipps. Nokre gonger er det brødskiver og pålegg, andre gonger kan det vere suppe. Kaffe og te høyrer med.

Me startar opp måndag 25. august. Deretter er det babysong 8. september, 22. september, 6. oktober, 20. oktober, 3. november, 17. november og 1. desember.

Babysong er for alle som er heime med ein baby/lite barn. Her kan du møte andre i same situasjon og babysong er ein fin møtestad for småbarnsforeldre. Det er låg terskel, her er plass for deg og ditt barn! Følg gjerne med på www.aal.kyrkja.no og facebook-gruppa «Babysong i Ål».

Hjarteleg velkomen!

Supertorsdag

4. september blir oppstart av supertorsdag. Maten er varm kl. 16 og ryddes vekk 17.30. Velkommen små og store!

VI GÅR I KYRKJA

SEPTEMBER

Søndag 7. september

Kl 11.00 Ål kyrkje
Gudsteneste

Søndag 14. september

Kl 11.00 Torpo kyrkje
Gudsteneste med konfir-
mantpresentasjon
Kl 14.00 Leveld kyrkje
Gudsteneste med kon-
firmantpresentasjon og
utdeling av 6-årsbøker

Søndag 21. september

Kl 11.00 Ål kyrkje
Gudsteneste med konfir-
mantpresentasjon

Søndag 28. september

Kl 19.00 Ål kyrkje
Gudsteneste. Heilt enkelt

OKTOBER

Søndag 5. oktober

Kl 11.00 Vats fjellkyrkje
Gudsteneste

Søndag 12. oktober

Kl 11.00 Ål kyrkje
Gudsteneste

Søndag 19. oktober

Kl 11.00 Ål kyrkje
Gudsteneste. Innsetting ny
sokneprest. Ål barnegospel
deltek

NOVEMBER

Søndag 2. november

Kl 11.00 Torpo kyrkje
Helgemesse
Kl 11.00 Leveld kyrkje
Helgemesse
Kl 11.00 Ål kyrkje
Helgemesse

Søndag 9. november

Kl 11.00 Ål kyrkje
Gudsteneste

Søndag 16. november

Kl 11.00 Leveld kyrkje
Gudsteneste

Søndag 23. november

Kl 18.00 Torpo kyrkje
Lysmesse med konfirmantane

Søndag 30. november

Kl 11.00 Ål kyrkje
Gudsteneste

Med atterhald om endring.

DØYPTE

ÅL KYRKJE

Frida Vedvik Dvergedal
22.06.2025
Sanna Ødegård 24.08.2025
Maja Sato 24.08.2025

SANGEFJELL

NATURKATEDRAL

Birk Aakerholm 10.08.2025

TORPO KYRKJE

Mira Liudden Piirainen
29.06.2025

VIGDE

ÅL KYRKJE

Marte Sofie Møllevold &
Ole Henrik Hammerstad
Møllevold 28.06.2025

NYSTØLKYRKJA

Silje Bakke Støen &
Tobias Torgersen
02.08.2025

LEVELD KYRKJE

Tonje Noss &
Torkild Fosli Stenseth
05.07.2025

VATS FJELLKYRKJE

Gunn Randi Myro Alm &
André Alm Riås
28.06.2025

DØDE

ÅL KYRKJE

Inger Johanne Helling Rongved
f.1939 d.25.05.2025
John Eskil Brandvik f.1936 d.19.06.2025
Ingeborg Stein f.1922 d.25.06.2025
Sigmund Kåre Krøvel-Velle
f.1946 d.28.06.2025
Oline Nyhus-Kleppo f.1940 d.14.07.2025
Kari Olerud f.1948 d.14.07.2025
Jan Hagen f.1950 d.26.07.2025
Svein Breie f.1940 d.26.07.2025
Sverre Arnegard f.1934 d.28.07.2025
Asle K Torsgard f.1946 d.28.07.2025
Knut A Myro f.1924 d.08.08.2025
Sigbjørn Freddie Bagron f.1937 d.16.08.2025
Arnbjörg Medhus f.1940 d.18.08.2025
Ragnhild Stranden f.1934 d.20.08.2025

LEVELD KYRKJE

Lars Lågrinn f.1940 d.25.07.2025

TORPO KYRKJE

Hilda Hagen f.1930 d.23.05.2025
Ruth Johanne Ottesen f.1943 d.21.06.2025
Gunvor Torpe f.1932 d.05.08.2025
Anna O Hefte f.1930 d.08.08.2025



Tlf. 456 08 056



Konfirmantkullet frå 1975 hadde
ei fin 50 årsfeiring 1. juni.

**Ynskjer du bilete, ta kontakt med
et429@kyrkja.no**

så fer du bilete tilsendt.



Olsokfeiring i Nystølkyrkja

Olsokgudsteneste i Nystølkyrkja er ein mangeårig tradisjon. I år prøvde me ein ny vri med kveldsgudsteneste, deretter kyrkjekaffe og så konsert. Dette vart ein skikkeleg fin og minnerik heilaften til fjells!

Prestestudent og sumarvikar i Hallingdal prosti, Oskar Røed og setteprost i Hallingdal, Kristoffer Lønning Tørressen holdt ein sterk, lærerik og oppmuntrande gudsteneste med tema rundt Olav den heilage. Gud har ein ubetinga kjærleik til menneska på tross

av at dei ikkje er fullkomne. Dei dyktige musikarane Ingebjør Sørbøen Torsgard og Ingunn Stræte spelte så vakkert på hardingfele, gitar, torader og trekkspel. Det vart ei heilt spesiell stemning med folkemusikkliturgi i Nystølkyrkja. Under konserten vart det også

eit sjarmerande innslag ved tre unge stølsgrannar frå Nystølan og Trettestølan sameige. Karoline og Håkon Sørbøen Torsgard (7 og 9 år) steva og Morten Kolbjørnsgard (8 år) spelte torader. Takk for godt oppmøte og triveleg fellesskap i Nystølkyrkja!

